



Arkivnr: 2015/11453-10  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		26.01.2016

### Støtte til medlemskap i Organisasjon for norske fagskulestudenter

#### Samandrag

Hordaland fagskulestyre har i møte den 10.09.2015 bede om ei sak om kostnadar knytt til medlemskap i *Organisasjon for norske fagskulestudenter* (ONF), og ei vurdering av om styret skal bidra økonomisk til eit medlemskap for studentane. ONF er ein interesseorganisasjon av og for norske fagskulestudantar og vart stifta i april 2012. Hausten 2015 var det om lag 1150 studentar ved Fagskolane i Hordaland. Satsen for medlemskap i ONF er kr 75,- per student per semester. På bakgrunn av dette vert kostnadene som følgjer:

Tal studentar	Kostnad per semester	Kostnad per skuleår
1150	86 250	172 500

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre vil dekkje kostnaden til eitt semester kvart skuleår til medlemskap i ONF for dei studentane ved Fagskolane i Hordaland som ønskjer medlemskap, medan studentane sjølve betalar eitt semester kvart skuleår.
2. Studentorgana ved dei einskilde fagskulane må ta stilling til om dei ønskjer at skulen skal vere medlem i ONF.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.12.2015

Hordaland fagskulestyre har i møte den 10.09.2015 bede om ei sak om kostnader knytt til medlemskap i *Organisasjon for norske fagskolestudenter* (ONF), og ei vurdering av om styret skal bidra økonomisk til eit medlemskap for studentane.

### Om ONF

ONF er ein interesseorganisasjon av og for norske fagskulestudentar og vart stifta i april 2012. ONF sin oppgåve er å samle alle fagskulestudentar i Norge og fremje studentane sine interesser, rammevilkår og rettar. ONF er også ein rådgjevande støtteorganisasjon for fagskulestudentar. Ein av organisasjonen sine hovudoppgåver er å gjere fagskuleutdanningane synlege som ei attraktiv tertiær utdanning.

ONF arbeider med følgjande saker:

- Lovfesta rett til medlemskap i studentsamskipnadene
- Betre juridiske- og økonomiske føresetnader
- Studiepoeng
- Synleggjering av fagskulestudentane sin kompetanse
- Fremje fagskuleutdanning som ei høgare yrkesfagleg utdanning

Det kostar kr 75,- per student per semester å vere medlem i ONF. Det er den einskilde fagskule som vert medlem i ONF, men det er studentorgana ved fagskulane som avgjer om studentane skal ha medlemskap. Sjølv om studentorganet vel å vere medlem i ONF kan einskilde studentar velje å ikkje vere medlem.

### Kostnader

Hausten 2015 var det om lag 1150 studentar ved Fagskolane i Hordaland. Satsen for medlemskap i ONF er som nemnt kr 75,- per student per semester. På bakgrunn av dette vert kostnadene som følgjer.

Tal studentar	Kostnad per semester	Kostnad per skuleår
1150	86 250	172 500

### Tilråding

Administrasjonen vil tilrå at styret bidrar økonomisk med støtte til eitt semester per skuleår, og at studentane sjølv dekkjer eitt semester. Studentane kan dekkje fyrste semester kvar haust, medan styret dekkjer det andre semesteret om våren. Kostnaden til medlemsskapet kan i så fall verte dekkja av fellesmidlane til Fagskolane i Hordaland.

Det er tilrådd av ONF at fagskulane betalar medlemsskapet direkte til ONF, og at skulen krev inn pengar frå studentane. Dette kan skulen gjere til dømes i samband med ei semesteravgift eller andre avgifter som studentane betalar.

Etter at styret har handsama denne saka må studentorgana ved dei einskilde fagskulane ta stilling til om dei ønskjer eit medlemskap i ONF.